
 Saknr: 2020/46075-22
 Saksbehandlar: Jomar Ragnhildstveit

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		14.05.2020

Tilskot til viltformål 2020

Forslag til vedtak

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtek å løyve kr 1 000 000 til villtiltak, under vilkår som vil gå fram av tilsegnsbrev, fordelt slik:

Nr	Søkjjar	Tiltak	Tilskot kr
		Lokale villtiltak - Hjort, elg, rådyr	
0	NINA	FriKalv	100 000
1	NIBIO	VESTHJORT	50 000
2	NIBIO	Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjon S&Fjo	50 000
3	Faun	Fagrapport "Hjorten i Vestland"	110 000
4	Sunnfjord kommune	Aldersregistrering og kohortanalyse	0
5	Utmarksavdelinga Vest As	Fagsamling kommunal villtforvaltning	0
6	Utmarksavdelinga Vest As	Felles forvaltning i årsleveområde for hjort	140 000
7	Utmarksavdelinga Vest As	Vilt som næring	60 000
		Lokale villtiltak m.v.	
8	NINA	En levende kyst	50 000
9	NINA	Questioning bycatch - What is the true scale ?	45 000
10	NINA	Raudrev på Hardangervidda	30 000
11	Nni Resources As	Orrfugl i kystlandskapet på Vestlandet	85 000
12	Nni Resources As	Hekkende andefugler i kystlandskapet	60 000
13	Nni Resources As	Virkninger av introdusert fiskeart på vannfugler	50 000
14	Universitetet Sørøst-Norge	Fjellets ressursgrunnlag	0
15	NJFF-Hordaland	Infoblod om jakt og fiske - infoside internett	35 000
16	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter	15 000
17	NJFF-Sogn og Fjordane	Human Jakt	80 000
18	NJFF-Sogn og Fjordane	Modell for småviltforvaltning	40 000
Sum villtiltak (kr)			1 000 000

Samandrag

Saka gjeld fordeling av tilskot til viltformål i 2020 under den statlege tilskotsordninga *Tilskot til viltformål* (Kap. 1140 post 71). Midlane under posten er retta mot auka verdiskaping og oppbygging av kunnskapsgrunnlaget for forvaltning av dei haustbare viltressursane, og skal dekke lokale og regionale tiltak. Frivillige organisasjonar, institusjonar, kommunar og enkeltpersonar kan søkje om tilskot. Fylkeskommunen har i år fått 1 million kr til fordeling. Det har kome 18 søknader, med eit samla kostnadsoverslag på ca 6 millionar kr.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef, naturressursar,
landbruk og reiseliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg
1 Søknadsvurderingar

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen har hovudansvaret på regionalt nivå for forvaltninga av haustbare, ikkje truga viltartar, med visse unntak. Ei av oppgåvene er å fordele tilskot til viltformål under den statlege tilskotsordninga *Tilskot til viltformål* (Kap. 1140 post 71), jf. *Forskrift om tilskudd til viltformål*. Tilskotsordninga skal bidra til ei forvaltning som fremjar eit haustingsverdig overskot av viltet.

I Hordaland fylkeskommune vart tilsvarande sak i 2019 handsama på møtet i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 18. mai, (sak PS 101/2019). I Sogn og Fjordane fylkeskommune vart det gjort administrativ behandling av søknadane.

Søknader i 2020

Oversikt over søknader om tilskot til viltformål i 2020 er vist i tabell 1. Det er omtale og vurdering av den enkelte søknad i vedlegg 1.

Tabell 1: Søknader om tilskot til viltformål i 2020. I kolonnene til høgre er det vist total kostnad for det enkelte tiltak/prosjektet i 2020, samt omsøkt tilskot frå Vestland fylkeskommune og føreslått tilskot. For fleirårige prosjekt er det ført opp tal som gjeld for 2020.

Nr	Søkjjar	Tiltak	Total kostnad	Søkt Vlfk	Tilskot Forslag
		Lokale vilttiltak - Hjort, elg, rådyr			
0	NINA	FriKalv (2. av 4 år)	202 500	100 000	100 000
1	NIBIO	VESTHJORT	1 010 000	50 000	50 000
2	NIBIO	Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjon S&Fj	134 000	50 000	50 000
3	Faun	Fagrapport "Hjorten i Vestland"	259 000	239 000	110 000
4	Sunnfjord kommune	Aldersregistrering og kohortanalyse	82 500	57 750	0
5	Utmarksavdelinga Vest	Fagsamling kommunal viltforvaltning	30 000	30 000	0
6	Utmarksavdelinga Vest	Felles forvaltning i årsleveområde for hjort	150 000	150 000	140 000
7	Utmarksavdelinga Vest	Vilt som næring	65 000	65 000	60 000
		Lokale vilttiltak m.v.			
8	NINA	En levende kyst (1. av 5 år)	1 096 000	53 000	50 000
9	NINA	Questioning bycatch - What is the true scale ?	695 750	52 000	45 000
10	NINA	Raudrev på Hardangervidda	175 000	35 000	30 000
11	Nni Resources As	Orrfugl i kystlandskapet på Vestlandet	135 200	93 700	85 000
12	Nni Resources As	Hekkende andefugler i kystlandskapet	93 000	63 000	60 000
13	Nni Resources As	Virkninger av introdusert fiskeart på vannfugler	60 000	54 000	50 000
14	Universitetet Sørøst-Norge	Fjellets ressursgrunnlag	1 280 000	50 000	0
15	NJFF-Hordaland	Infoblod om jakt og fiske - infoside internett	117 000	37 000	35 000
16	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter	35 000	15 000	15 000
17	NJFF-Sogn og Fjordane	Human Jakt	270 000	95 000	80 000
18	NJFF-Sogn og Fjordane	Modell for småviltforvaltning	110 000	50 000	40 000
		Sum hjortevilttiltak (kr)	1 933 000	741 750	510 000
		Sum lokale vilttiltak m.v. (kr)	4 066 950	597 700	490 000
		Sum alle tiltak (kr)	5 999 950	1 339 450	1 000 000

Søknadsfristen var 15. januar. Fylkeskommunen har i år fått 1 million kr til fordeling, i overføringsbrev frå Miljødirektoratet 04.03.2020. Tilskotsmidlane har opphav i innbetalte jeger- og fellingsavgifter til det statlege viltfondet.

Tildelingskriterium

Midlane under posten er retta mot auka verdiskaping og oppbygging av kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av dei haustbare viltressursane. Målet for tilskotsordninga er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskot av vilt, og til å ta vare på produktiviteten og mangfaldet i naturen regionalt og nasjonalt. Dette omfattar tiltak knytt til forvaltning av haustbart hjortevilt, for fylkeskommunen elg, hjort og rådyr. Dette gjeld særleg tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar med meir. Tiltaka som blir sette i verk, skal gi betre kunnskap om artar og bestandar og korleis dei kan haustast på beste måten. Midlar under posten kan også gå til tilskot i form av villtiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, og lokale villtiltak og utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta. Ettersom fylkesmennene på same tid forvaltar tilskotsmidlar innanfor sitt ansvarsområde, er det krav om god samordning av bruken av midlane.

Etter *forskrift om tilskudd til viltformål* § 2, kan frivillige organisasjonar, institusjonar, kommunar og enkeltpersonar få tilskot til

- a) tilrettelegging for verdiskaping og rekruttering til jakt og fangst
- b) informasjon om jakt og jaktmogelegheiter
- c) kartlegging av viltressursane og viltet sine leveområde, samt viltinteresser i kommunar og regionar
- d) innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova
- e) oppretting og drift av lokale samarbeidsråd
- f) deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid
- g) forvaltningsretta forskning og overvaking.

Søknader om tilskot til tiltak som inngår som ein del av eit planmessig arbeid vil bli prioriterte.

Prioriterte oppgåver i 2020, jf. oppdragsbrev frå LMD m.m.

Landbruks- og matdepartementet har i oppdragsbrev til fylkeskommunane datert 07.01.2020, lista opp følgjande prioriterte oppgåver for fylkeskommunane innanfor haustbare viltartar:

- Bidra til berekraftig forvaltning av haustbare viltressursar og ta omsyn til dette i arealforvaltninga.
- Utøve myndigheit i samsvar med viltlova med tilhøyrande forskrifter
- Gje kommunar, organisasjonar, bedrifter og enkeltpersonar bistand, råd og rettleiing i saker om forvaltning av haustbare viltressursar, herunder vilthelse, og sørge for fagleg oppdatering og kompetanseheving i kommunal viltforvaltning.
- Oppfordre til bruk av Hjorteviltportalen (www.hjortevilt.no) og sørge for at kommunane registrerer fallvilt i hjorteviltregisteret.
- Arbeide for å minimere vilt påkjørslar, saman med relevante samferdselsetatar.

I oppdragsbrevet er det føresett at fylkeskommunane følgjer opp arbeidet på vilthelseområdet i forhold til skrantesjuke (CWD), og tiltak mot villsvin regionalt, jf. *Handlingsplan mot villsvin 2020-2024*. I oppdragsbrevet er det vist til at Regjeringa har som mål å auke verdiskapinga frå haustbare viltressursar, jf. *Handlingsplan for næringsutvikling basert på høstbare viltressurser*. I oppdragsbrevet er det forventa at fylkeskommunane sitt arbeid innanfor haustbare viltressursar vert sett i samanheng med det øvrige næringsutviklingsarbeidet, og at fylkeskommunen legg til rette for eit godt samarbeid med Innovasjon Norge, Miljødirektoratet og fylkesmennene der det er relevant.

Tilskotsprioriteringar i Vestland fylkeskommune

Hjort er den klart største haustbare viltressursen i Vestland fylke. Nesten halvparten av hjortane som blir felt i landet blir felt i fylket. Hjorteforvaltninga er arbeidskrevjande, ikkje minst for kommunane, og hovudregelen ved forvaltning av hjort skal vere bruk av bestandsplan. Tiltak som støttar opp under etablering av føremålstenlege bestandsplanområde har hatt prioritet det siste 10-året, og bør framleis ha høg prioritet til dette er hovudregelen. Dei siste åra er det t.d. gjennomført fleire regionale GPS-merkeprosjekt for hjort, for å kartleggje sesongtrekk og årsleveområde. Dette gir betre grunnlag for å etablere føremålstenlege bestandsplanområde. I år er det søkt om fleire

prosjekt for å leggje til rette for etablering av større bestandsplanområde. Det er prosjekt nr 1 (VESTHJORT) og prosjekt nr 6 (Felles forvaltning i årsleveområde for hjort).

Blant søknadane er det både eittårige og fleirårige prosjekt. Som hovudregel vert det gitt årlege tilskot til prosjekt, også fleirårige prosjekt. Det betyr at fleirårige prosjekt/tiltak som hovudregel må søkje om tilskot kvart år. Dersom eit fleirårig prosjekt/tiltak har fått tilskot, vil prosjektet gjerne bli prioritert så lenge det utviklar seg som føreset.

I enkelte prosjekt utgjer tilskotet frå fylkeskommunen berre ein mindre del av den totale finansieringa, men det kan likevel vere eit viktig bidrag i større «spleiselags» prosjekt. Det er t.d. prosjekt der det er søkt om tilskot frå fleire fylkeskommunar, fylkesmenn og Miljødirektorat. Prosjekt nr 2 (Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjon S&Fj) er eit slikt prosjekt.

Vurdering av søknadane

Det vert vist til omtale og vurdering av den einskilde søknad i vedlegg 1.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon har avgjerdsmynde til å fordele tilskot i saka, jf. reglement for utvalet, punkt nr. 3, der utvalet har avgjerdsmynde til å gjere fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som gjeld næringsføremål. Tilskotsordninga til viltformål omfattar også næringsføremål.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Fylkeskommunen er for 2020 tildelt 1 million kr frå Miljødirektoratet til vidare fordeling.

Klima: Nokre søknader gjeld tiltak for tilpassing til klimaendringar.

Folkehelse: Tiltak med tilrettelegging for jaktbasert friluftsliv har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tiltaka fell inn under målet om klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga i Regional planstrategi 2020-2024 (under arbeid)

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at hovudutval for næring, naturressursar og reiseliv vedtek føreslåtte fordeling av tilskot til vilttiltak. Vilkår for det einskilde tilskot vil gå fram av tilsegnsbrev.